



## Referat frå elevrådsmøte IX, fredag 13. februar 2026

---

Desse møtte:

Elevrådsrepresentant 5A: Selma

Elevrådsrepresentant 5B: Thea

Elevrådsrepresentant 6A: Olav

Elevrådsrepresentant 6B: Leif Ludvik

Elevrådsrepresentant 7A: Aksel

Elevrådsrepresentant 7B: Lukas

### Sak 1: Til orientering

- ✓ **SMU:** 04.02.26 var det møte i SMU. Tema for møte var skuleruta for skuleruta 26/27 samt 27/28.
- ✓ **Kosthaldsråda**
  - Ei gruppe frå elevrådet har skrive eit brev til FAU der ein har fått fram synspunkta som elevrådsrepresentantane la fram i møte 23. januar.
  - Aksel og Runa har delteke i eit intervju med NRK kring dette. Aksel fortalte i møte korleis det gjekk.

### Sak 2: Helseveka 2026

Saka vert tatt att i neste møte då klassane ikkje hadde evaluert helseveka i klassane. Til neste elevrådsmøte er det viktig at alle klassane får evaluert «Helseveka 2026». Evalueringa skal gjerast i eit pluss/delta skjema som elevrådsrepresentantane tek med seg, eller har sendt på Teams til Laila.

### Sak 3: Garderobane 5-7

Elevrådet utarbeidde kriterium for god orden i garderobane i møte.

- Alle elevar skal plassere sine ting i skapet.
- Mjølkekartongar skal skyljast og brettast kvar dag av dei som har mjølk.
- Det skal ikkje ligge eigendelar på golvet eller på skåpet.

Desse kriteria danna grunnlaget for garderobeprisar våren 2026.

Mot slutten av møte gjekk elevrådet gjennom garderobane til alle på 5.-7. trinn. Dei fleste elevar er flinke til å bruke skåpet sitt, men ein såg at det låg klede/sko/mjølkekartongar på stadar dei ikkje skulle vere.

### Sak 4: Saker frå klassane

7B ynskjer at det skal vere lov å skli på isen ute. Denne vinteren har det ikkje vore noko å gjere på då skuleplassen har vore islagt, og når det er lite å gjere blir det ekstra unødvendig



krangel mellom elevane. Elevane i 7B opplever at vaksne ikkje alltid er samstemte om kva som er lov og ikkje.

Elevrådskontakt tek dette opp med dei vaksne.

Beste helsing

Olav  
*Referent*

Lukas  
*Elevrådsleiar 5-7*

Laila  
*Elevrådskontakt 5-7*